

Eksamen

04.06.2019

HEA2002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på i vurderinga av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte kva respekt og toleranse for andre sine kulturar og tradisjonar, livssyn og sosiale status inneber, og drøfte kva dette betyr for å fremme fysisk og psykisk helse• Drøfte korleis ein kan bruke empati for å løyse eller førebygge sosiale problem og fremme psykisk og somatisk helse• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjere greie for korleis kommunikasjon kan fremme tryggleik og tillit• Drøfte helsefagarbeidaren si rolle som talerøyr for pasienten og brukaren

Oppgåve

Situasjonsskildring

Synne Andresen bur i ei lita leilegheit i området der du arbeider som helsefagarbeidar. Du har for eit par veker sidan fått primæransvar for Synne. Kollegaene dine har opplevd Synne som lite samarbeidsvillig, sint og vanskeleg, og at det både luktar vondt og er møkkete i leilegheita hennar. Du ønsker å bruke god tid på å bli kjent med Synne sjølv, og kartlegge kvardagen og hjelpebehova hennar.

Synne slit med alkoholmisbruk, og klarar ikkje lenger å ta vare på eiga helse. Ho treng hjelp og rettleiing til personleg hygiene, og du tar ofte ein rydderunde på kjøkken og bad før du drar vidare.

Synne fekk diabetes type 1 som barn, og har vore lite flink til å ta omsyn til sjukdommen. Dette har ført til at ho har fått kraftig redusert syn og mista fleire tenner på grunn av tannkjøttjukdommar.

Synne har hatt det meste av det sosiale livet sitt i rusmiljøet. No som ho har redusert helse, klarar ho ikkje lenger å komme seg like mykje ut. Den einaste kontakten ho har med andre er når heimetenesta kjem på besøk. Ho føler seg einsam og aleine.

Du har stort sett berre sett Synne i godt humør, men det hender ho sit og gret når du kjem.

- a) Korleis kan du vise respekt og toleranse for Synne, og korleis kan dette fremme fysisk og psykisk helse for ho?
- b) Drøft ulike former for kommunikasjon, og gjer greie for korleis du som helsefagarbeidar kan bruke kommunikasjon for å fremme tryggleik og tillit mellom deg og Synne.
- c) Forklar kva empati er og korleis du kan vise empati overfor Synne.
- d) Forklar kva det vil seie at du som helsefagarbeidar er eit talerøyr for Synne?
- e) Drøft korleis empati og di rolle som talerøyr for Synne kan bli brukt for å løyse eller førebygge dei sosiale problema hennar og fremme psykisk og somatisk helse.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Disse kompetansemålene blir vektlagt i vurderingen av eksamenssvaret:</p> <ul style="list-style-type: none">• Drøfte hva respekt og toleranse for andres kulturer og tradisjoner, livssyn og sosiale status innebærer, og drøfte hva dette betyr for å fremme fysisk og psykisk helse• Drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse• Drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit• Drøfte helsefagarbeiderens rolle som talerør for pasienten og brukeren

Oppgave

Situasjonsbeskrivelse

Synne Andresen bor i en liten leilighet i området hvor du arbeider som helsefagarbeider. Du har for et par uker siden fått primæransvar for Synne. Dine kollegaer har opplevd Synne som lite samarbeidsvillig, sint og vanskelig, og at det både lukter vondt og er møkkete i leiligheten hennes. Du ønsker å bruke god tid på å bli kjent med Synne selv, og kartlegge hennes hverdag og hjelpebehov.

Synne sliter med alkoholmisbruk, og klarer ikke lenger å ta vare på egen helse. Hun trenger hjelp og veiledning til personlig hygiene, og du tar ofte en rydderunde på kjøkken og bad før du drar videre.

Synne fikk diabetes type 1 som barn, og har vært lite flink til å ta hensyn til sykdommen. Dette har ført til at hun har fått kraftig redusert syn og mistet flere tenner på grunn av tannkjøtt sykdommer.

Synne har hatt det meste av sitt sosiale liv i rusmiljøet. Nå som hun har redusert helse, klarer hun ikke lenger å komme seg like mye ut. Hennes eneste kontakt med andre er når hjemmetjenesten kommer på besøk. Hun føler seg ensom og alene.

Du har stort sett bare sett Synne i godt humør, men det hender hun sitter og gråter når du kommer.

- a) Hvordan kan du vise respekt og toleranse for Synne, og hvordan kan dette fremme fysisk og psykisk helse for henne?
- b) Drøft ulike former for kommunikasjon, og gjør rede for hvordan du som helsefagarbeider kan bruke kommunikasjon for å fremme trygghet og tillit mellom deg og Synne.
- c) Forklar hva empati er og hvordan du kan vise empati overfor Synne.
- d) Forklar hva det vil si at du som helsefagarbeider er et talerør for Synne?
- e) Drøft hvordan empati og din rolle som talerør for Synne kan brukes for å løse eller forebygge hennes sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse.



www.vigoiks.no/eksamen